

---

**Fra:** Reidar Furelid <rfurelid@yahoo.com>  
**Sendt:** 1. november 2016 16:52  
**Til:** Ole Johan Ingebrigtsen  
**Emne:** Fwd: Fjøsrom med betong på alle kantar.  
  
**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Vonar denne kom fram! RF

----- Videresendt melding -----

**Emne:** Fjøsrom med betong på alle kantar.  
**Dato:** Tue, 1 Nov 2016 16:44:10 +0100  
**Fra:** Reidar Furelid <[rfurelid@yahoo.com](mailto:rfurelid@yahoo.com)>  
**Til:** [linolin@lindas.kommune.no](mailto:linolin@lindas.kommune.no)

Hei!

Eg er *takksam* for synfaringa,- fredag som var. - Og no ser eg fram til å kunna senda viktig dokument til Mattilsynet/ved Hovudkontoret,

I dag har eg snakka med Berit Felde som var her på KSL-revisjon tidlegare i år. - Eg var då ved revisjonen naiv som trudde det var like enkelt som sist å få dispensasjon frå det berømmelege kravet om brannvarslingsanlegg. Og sidan *eg ikkje visste* at det var endra til berre gjelda vaksne sauvar,- tenkte eg ikkje eingog på å syna ho underetasjen. Ho seier det vanskelege ordet BEKLAGAR for at ho ikkje orienterte meg om den viktige endringa! Eg kontakta henne så ho visste om kva vanskar eg kom opp i,- for skuld ein heilt utanom det vanlege paragrafryttar! Ho takka for orienteringa. Ho sa og at om ho hadde visst det ho no veit,- hadde ho ikkje teke manglande anlegg med som avvik. Og eg innser at det var min store naivitet og mi tillit til at saka mi blei vurdert like positivt som sist: På vilkår av at elanlegget var kontrollert,- vart det gjeve dispensasjon (den gongen tilrådd av ein som praktisk var orientert om kor det er hos meg!).

Sakshandsamar meinte faktisk *no* at eg hadde fått *utsett* å montera anlegg! Henta ut frå lufta, spør du meg!

Eg må no berre fullføra løpet. Men røynda i saka er den at det neppe kan bli anna enn at eg kan halda fram drifta som eg har opplegg for. Noko som har svært mykje med fordeling av ganske faste kostnader å gjera.

Får håpa eg ikkje treng hefta deg meir om dette!!

Med vennleg helsing

Reidar Furelid